

## Referat frå møte med Bremanger kommune om vern av Hornelen, 31. mars 2022

Til stades frå Bremanger kommune:

Anne Kristin Førde, ordførar  
Tom Joensen, kommunedirektør  
Karl Vidar Førde, kommunalsjef Samfunn og Utvikling  
Magnhild Myklebust, leiar Plan og Forvalting

Til stades frå Statsforvaltaren:

Kjell Kvingedal, miljødirektør miljøavdelinga  
Stein Byrkjeland, fagdirektør naturmangfaldseksjonen  
Tore Larsen, seniorrådgjevar naturmangfaldseksjonen

Kjell Kvingedal informerte om supplerande vern og det oppdraget Statsforvaltaren har fått frå Klima- og miljødepartementet via Miljødirektoratet. For å bøte på manglande dekning av naturtypar i det eksisterande nettverket av område verna etter naturmangfaldlova, har Statsforvaltaren plukka ut rundt 100 store og små område i Vestland fylke som i ulik grad kan bidra til å bøte på slike manglar. Miljødirektoratet har vurdert om nokre av dei innmeldte kandidatområda kan vere eigna til å få status som nasjonalpark, og kom fram til at dette m.a. kunne vere aktuelt for eit område ved Hornelen.

Kvingedal understreka at eit viktig ledd i ein eventuell verneprosess er lokal aksept, og før ein går vidare med slike saker er det derfor ønske om å informere og diskutere med kommuneleiinga for å få ei første tilbakemelding om korleis ein stiller seg til ein verneprosess. Dersom kommunen er positiv, vil det bli lagt opp til ein tett dialog med kommunen, grunneigarar og interesseorganisasjonar.

Dei ulike trinna i ein eventuell verneprosess blei gjennomgått, og prinsippa bak lokal forvalting av nasjonalparker og andre store verneområde blei nemnt (verneområdestyre, driftsmidlar, forvalting, skjøtselstiltak og tilrettelegging).

Deretter gjekk Tore Larsen gjennom prosessen bak identifisering av eigna verneområdekandidatar i meir detalj, og peikte på Miljødirektoratet sitt framlegg om at «gitt lokal aksept» kunne ein gå vidare med fire nye nasjonalparker i Noreg, med Hornelen som ein av desse. Vidare kan det vere aktuelt med utvidingar av 12 eksisterande nasjonalparker og landskapsvernområde, og endring av verneform frå landskapsvernområde til nasjonalpark for 6 område. Eitt av desse er det noverande Ålfotbreen landskapsvernområde som ligg i kommunane Bremanger, Kinn og Sunnfjord.

Dei konkrete naturkvalitetane knytt til Hornelen-området blei omtalt. Kystnatur er sterkt underrepresentert i dagens nettverk av nasjonalparker og landskapsvernområde. Hornelen vil kunne bli den vestlegaste nasjonalparken i Noreg, og representerer også ein stor høgdegradient frå havnivå og varmekrevande artar til alpine fjellområde.

Til slutt blei ei mogleg avgrensing av eit verneområde ved Hornelen vist, og med tanke på plasseringa på Bremangerlandet blei det også vist eit anna kandidat område til supplerande vern vest på Bremangerlandet, med Vetvika og fjellområda rundt.

Etter dei to presentasjonane uttrykte representantane for kommunen at dei i utgangspunktet stilte seg positive til eit vern av Hornelen, og heller ikkje hadde spesielle innvendingar mot at det blir jobba

vidare med eit verneområde vest på Bremangerlandet eller ei endring av statusen for Ålfotbreområdet frå landskapsvernområde til nasjonalpark.

Mest fokus fekk diskusjonen om ein via ferrata på Hornelen, og i kva grad dette vil vere i konflikt med nasjonalparkstatus. Statsforvaltaren kommenterte at dette er usikkert, men at ein dei siste åra har sett ei viss nedjustering av krava til at verneområde skal vere utan tekniske inngrep. Det må diskuterast med Miljødirektoratet i kva grad ein via ferrata etter dei framlagde planane skal reknast som eit tyngre teknisk inngrep. Dersom det skulle vise seg at planane er i strid med krava til ein nasjonalpark, kan landskapsvernområde vere eit alternativ. På spørsmål frå Statsforvaltaren blei det frå kommunen sagt at status som landskapsvernområde kan vere ei akseptabel løysing dersom det viser seg nødvendig på grunn av dette tiltaket. Statsforvaltaren vil ta kontakt med kommunen seinare for å få tilgang til mest mogleg oppdatert og detaljert informasjon om via ferrata-planane til sine drøftingar med Miljødirektoratet.

Av andre problemstillingar som må avklarast, er om skogpartia i nedre del av Hornelen-området reknast som produktiv, og kva verknader dette kan få for ein eventuell verneprosess. Frivillig skogvern av dei aktuelle førekomstane kan vere eit alternativ.

Det blei bestemt at Statsforvaltaren held ei orientering for kommunestyret, og at dette skjer 16. juni. Orienteringa kan gjerne inkludere både Hornelen, endra status for Ålfotbreen og supplerande vern på ytre Bremangerlandet.

Magnhild Myklebust blir kommunen sin kontaktperson, mens Tore Larsen er saksbehandlar for Statsforvaltaren.